


LINDÅS BYGNINGSRÅD 5100 ISDALSTØ	Møtestad Rådhuset	Møte dato 29.01.86
Sakshandsamar Torsheim	Arkivnr. Gnr. 137 bnr. 288 Alver	SAK NR. B-30/86
Byggherre/meldar Håkon Ones	Adr. Ringvågen 43 14131 Huddinge, Sverige	
Saka gjeld	Frådeling av tomt for bustad og naust til Inge Trygve Lilleskare.	
Vedlegg:	<p>Søknad om deling dat. 12.08.85 Situasjonskart 1:1000 Søknad om utsleppsløyve dat. 12.08.85 Søknad om utvida bruk av avkjørsle dat. 12.08.85 Skriv dat. 30.09.85 frå Lindås kommune</p> <p>Ingen merknad frå kulturstyret 05.11.85 Ingen merknad frå kraftlaget 08.10.85 Tilrådd av generalplanutvalet 25.11.85</p> <p>MERKNAD:</p> <p>Omsøkte tomt ligg i eit område som etter generalplanen er forutsett å kunna utfyllast med bustader.</p> <p>Problemet for område mellom Isdalstø og Ikenberget er vegtilknytning og avlaup.</p> <p>I dette tilfellet kan avlaupet ordnast på tilfredstillande måte via fellesleidning til sjø. Utvida bruk av eks. avkjørsle i område må gjevast av Hordalsnd Vegkontor. Det vart sist gjeve løyve til utvida bruk i 1979 då det vart bygt på nabotomta.</p> <p>TILRÅDING:</p> <p>I samsvar med § 63 i bygningslova, og uttale frå generalplanutvalet, godkjenner bygningsrådet deling av eigedom i samsvar med søknaden og på følgjande vilkår:</p> <ol style="list-style-type: none"> Med tilvising til § 6 i strandplanlova gjev bygningsrådet unntak frå § 2 nr. 1 og § 3 nr. 1 i lova. Ein gjer merksam på at søkjaren ikkje kan retta seg etter dette vedtaket før friluftsnemndene har teke stode til klagespørsmålet. Klagefristen er 2 mndr. Evt klage har oppsetjande verknad. Utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå riksveg skal vera godkjend av Hordaland vegkontor. (§ 66.1) <p style="text-align: right;">.../...</p>	
FOR LINDÅS BYGNINGSRÅD	Utskrift sendt til	



LINDAS BYGNINGSRÅD 5100 ISDALSTØ	Møtestad Rådhuset	Møte dato 29.01.86
Sakshandsamar Torsheim	Arkivnr. Gnr. 137 bnr. 288 Alver	SAK NR. B-30/86
Byggherre/meldar Håkon Ones	Adr. Ringvågen 43 14131 Huddinge, Sverige	
Saka gjeld	Frådeling av tomt for bustad og naust til Inge Trygve Lilleskare.	
Vedlegg:		
Forts.		
3.	Det skal ordnast med tinglyst rett eller annan sikra tilkomst fram til tomta. Kopi av erklæring om slik rett skal sendast til bygningssjefen før søknad om byggjetil- latelse kan handsamast. (§ 66.1)	
4.	I samsvar med § 66.2 i bygningslova, og med atterhald om at helserådsordføraren ikkje har noko å merkja, vert det gjeve løyve til utslepp av kloakk til minst 5 m under fjæra sjø. Slamavskiljaren skal utførast i samsvar med kloakkforskriftene av 1.5.80, jfr. retningslinene pkt. 3, men med halv dimensjon. Slamavskiljaren skal plasserast slik at den utan vanskar kan tømmast frå tankvogn. Sjølv om løyve til utslepp av kloakk er gjeve, pliktar den som årsakar forureining å svara erstatning etter alminnelege erstatningsreglar. Dersom det skulle syna seg at utsleppet fører til ulempe for naboar eller andre, skal eigaren av egedomen, utan utgift for kommunen, etterkoma dei pålegg som vert sette av helserådet og bygningssrådet for å betra på tilhøva. Dersom helserådsordføraren finn det turvande, må søknaden også leggast fram for helserådet til godkjenning.	
5.	Tomta skal knytast til offentleg eller anna felles vass- og kloakksystem og evt. overvassleidning dersom dette vert anlagt i området. Bygningssrådet gjer merksam på at det kan verta kravd del av refusjon for anleggsutgifter til leidningar for vatn og kloakk. Storleiken på beløpet skal fastsetjast av kommunen.	
6.	Bygningssjefen skal avgjera grensene for tomta.	
7.	Området er <u>ikkje</u> regulert. Eigar (festar) må difor vera merksam på at det seinare kan verta aktulet med justering av grenser, vegføring m.v.	
8.	Deling av egedom kan ikkje finna stad før vilkåra om godkjenning frå andre instansar er ordna.	
VEDTAK (etter synfaring):		
Bygningssrådet godkjenner samrøystes tilrådinga.		
FOR LINDAS BYGNINGSRÅD	Utskrift sendt til	
		Håkon Ones Inge Trygve Lilleskare Kulturstyret, fylkes- friluftsnemnda. Helserådsordførar



UTSKRIFT AV MØTEBOK

ARKIV

Behandla av	
Bygningsrådet	Saksbeh.: Knut Bjørnevoll
Sak nr. : 76/94	Dato : 18.05.94
Jour. nr. : 2978/93	Mappe 137/288/01 Avgj. av BR

**ONES HÅKON - GNR.137 BNR.288 - ALVER
BYGGESAK - (FRITIDS-)BUSTAD - NYBYGG**Saksdokument (vedlagt):

1. Kart 1:5000

Saksdokument (ikkje vedlagt):

1. Søknad om byggjeløyve dat. 05.12.93
2. Situasjonsplan 1:1000, 1:250
3. Kvittering for sende nabovarsel
4. Teikningar revidert 08.03.94
5. Brev dat. 01.05.94
6. Søknad om utvida bruk for godkjend avkøyrsløse frå riksveg

Saksutgreiing:

Saka skal avgjerast endeleg av bygningsrådet.

Det vert primært søkt om fritidsbustad. Men området har etter kvart utvikla seg til eit (uregulert) bustadområde. Rådmannen ser det som lite ønskeleg med nye hytter, no når dei fleste gamle hyttene vert omgjort til heilårsbustader. Ones er orientert om administrasjonen sitt syn, og i brev dat. 01.05.94 skriv Ones at han endrar søknaden sin til byggjeløyve for heilårsbustad dersom bygningsrådet krev det.

Det vart skilt ut ei bustadtomt frå denne eigedommen i 1986 (bnr. 484). Det kan vera aktuelt å gå over/saman med denne eigedommen for å nå i felles utsleppsleidning til sjø. Alternativet er å pumpa avløpsvatnet opp til øvre/nordre del av eigedommen. Denne private fellesleidningen er godkjend for 40 p.e. og er med i det kommunale utsleppsløyvet for felles/offentlege anlegg, og er einaste avløpsløyvinga som kan tillatast; nye separate utslepp kan ikkje godkjennast i tettbygd strøk. Det er ikkje felles slamavskiljar på leidningen. Søkjar ønskjer å nytta biologisk toalett. Det er ikkje noko i vegen for at bygningsrådet kan godkjenna ei slik løysing, dersom den valde modellen har stor nok kapasitet. Men avløpsvatnet (vaskevatt) må gå via slamavskiljar og leidning med diameter 110mm fram til fellesleidningen, uansett klosetttype. Det spørst om miljøgevinsten står i forhold til miljøgevinsten. Søkjar ønskjer å knyta seg til kommunalt vassverk.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Søknaden om byggjeløyve for heilårsbustad vert godkjend i samsvar med teikningar og utgreiingar på følgjande vilkår:

1. Teknisk sjef skal avgjera den nøyaktige plasseringa av bygningen og høgd på topp grunnmur. (Byggeforskrifta 14:3)
2. Avløp skal gå via slamavskiljar i felles leidning til sjø. Rett til tilknytning og evt. framføring av leidning over naboeigedom skal dokumenterast. Biologisk klosett kan nyttast som alternativ til vassklosett. Slamavskiljar skal plasserast slik at den kan tømmast med slamsugarbil.
3. Bygningen skal knytast til offentleg leidningsnett for vatn. I samsvar med sanitærreglementet for Lindås kommune skal søknad om tilknytning og melding om utføring av sanitæranlegg sendast til teknisk kontor av godkjend røyrleggjar, på særskilt skjema vedlagt turvande planar.
4. Utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse frå riksveg skal vera godkjend av Hordaland vegkontor. (PBL § 66 pkt.1)
5. Det skal sendast inn søknad om ansvarsrett for byggjearbeidet (PBL § 98).
6. I samsvar med Plan- og bygningslova § 93 jfr. § 95, vert det ikkje tillete igangsett arbeid før det er gjeve byggjeløyve eller graveløyve.

BYGGJELØYVE VERT SENDT NÅR VILKÅRA I VEDTAKET ER STETTA

Arbeidet må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gitt, elles fel løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeidet er innstilt i meir enn 2 år.

VEDTAK:


Framlegg til vedtak vert samrøystes godkjent.

Utskrift til :

Håkon Ones, Ringvagen 43, 14131 Huddinge, Sverige
Satens vegvesen, Hordaland, Postboks 3645, 5033 FYLLINGSDALEN
VAR-avd.

Rett utskrift.

Isdalstø, den 20.05.94



Hildur Halland
skrivar

Trykt på sjøkkopierende papir

Kommune

LINDÅS

Byggjeløyve

etter plan- og bygningslova av 14 juni 1985, § 93

Meidar (namn, adresse)

HÅKON ONES
RINGVAGEN 43, 14131 HUDDINGE
SVERIGE

Byggherre (namn, adresse)

HÅKON ONES

Byggjeløyve er gitt for

Eigedom/byggjestad	Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.
ALVER	137	288		

Spesifikasjon

Dato for søknad	Kva slag arbeid	Kva slag bygg
	NYBYGG	HEILÅRSBUSTAD (brukast som hytte)
Behandling/vedtak		
BYGNINGSRÅDET		
		Vedtak dato
		18.05.94
		Saksnr.
		(B) 76/94

Merknader


- Byggjeløyvet fell bort dersom arbeidet ikkje er sett igang innan 3 år. Det same gjeld dersom arbeidet stoggar i lengre tid enn 2 år, jfr. pbl. § 96.
- Bygningen eller del av den må ikkje takast i bruk utan at ferdigattest eller mellombels bruksløyve er gitt.
- Bygningen eller del av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det føresetnaden for bruksløyvet er, jfr. pbl. § 93.
- Det kan førast kontroll med byggjarbeidet, jfr. pbl. § 97.
- Skifte av eigar eller byggherre før arbeidet er fullført skal straks meldast til bygningsrådet, jfr. pbl. § 97.

Vilkår

Høve til å klage - sjå baksida

BYGNINGSRÅDET I LINDÅS

Underskrift

Stad	Knarvik	Stempel/underskrift
Dato	4. juli 1994	 Hildur Halland Etter fullmakt

Kopi sendt til

<input checked="" type="checkbox"/> ansvars- havande	Namn	Adresse
	Alf Nilsen	5110 FREKHAUG
<input type="checkbox"/> andre	Namn	Adresse
	Namn	Adresse